

Radøy kommune
Tryggleik, trivsel og
livskvalitet for alle

Nettstadkart
Endre skriftstorleik
Lytt til teksten

søk

>>



>> Tenester til deg >> Nyhende >> Om Radøy kommune >> Den grønne øya >> Aktuelt

Du er her: [Framsida](#) / [Tenester til deg](#) / [Natur og miljø](#) / [Viltforvaltning](#) / [Fellingsløyve](#)

Viltforvaltning

- Hjortejakt
- **Fellingsløyve**
- Jegerprøven
- Vald - godkjenning

Fellingsløyve

GENERELT

Omtale

Retten til å jakte tilhører i utgangspunktet grunneigaren. Fellingsløyve for elg, hjort, rådyr, villrein og bever blir tildelt godkjente vald (det geografiske området der jakta skal vere) utan årleg søknad. For småvilt - med atterhald for bever - blir det ikkje kravt fellingsløyve.

Grunneigarar kan utarbeide ein fleirårig, maksimalt femårig, bestandsplan for vald som er godkjende for jakt på elg og/eller hjort. Kommunen skal godkjenne planen og gjev i så fall eit samla fellingsløyve for heile planperioden. For villrein er det villreinnemnda som godkjenner bestandsplanen. Godkjende villreinvald får fellingsløyve for kvart jaktår.

Målgruppe

Grunneigarar/jaktrettshavarar

Kriterium/vilkår

Det må liggje føre ei godkjenning av vald for elg, hjort, rådyr, villrein eller bever. Kommunen/villreinnemnda fastset minstearealet som er det arealet som grunneigaren må disponere for å få fellingsløyve for eitt dyr.

Pris for tjenesten

Det er ikkje fellingsavgift for rådyr og bever. Kommunen fastset fellingsavgift for elg og hjort, og Direktoratet for naturforvaltning fastset fellingsavgift for villrein.

Beslektede tjenester

[Vald - godkjenning](#)

LOVER OG RETNINGSLINER

Gjeldende lov og regelverk

Viltloven § 16 og § 40 andre leddet

Lover

[Forvaltningsloven](#)
[Viltloven](#)

Forskrifter

[Forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever](#)
[Forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort](#)

OM SØKNADSPROSESSEN

Rettleiing

Ein skal ikkje søkje om fellingsløyve. Kommunen (eller villreinnemnda) skriv ut eit årleg fellingsløyve og sender det til den valdansvarlege representanten. Finst det ein godkjend bestandsplan, blir alle fellingsløyva skrivne ut første året for heile bestandsplanperioden. Dette gjeld ikkje for villrein, der fellingsløyvet i alle høve blir skrivne ut for kvart jaktår.

Høve til å klage

Du kan klage på talet på dyr du har fått fellingsløyve for (og det teljande arealet som ligg til grunn for dette) innan ein frist på tre veker frå du mottok løyvet. Klagen sender du til den instansen som har gjort vedtaket. I klagen

Kontakt oss

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger
Telefon: 56 34 90 00

Faks: 56 34 90 01

E-post:

postmottak@radoy.kommune.no


SMS: send RADØY + di melding til 2223


Sjølvetening


- Postliste
- Elektroniske skjema
- Min ID
- Nordhordlandskart
- Tinging av legetime og resept
- Kontakt oss

Les meir

- Nasjonal klimaplan
- www.klimaskolen.no

 Skriv ut denne sida

 Lag pdf av sida

 Tips nokon om denne sida

skal du føre opp kva du ønskjer endra i vedtaket og grunngje det.
Kommunen/villreinnemnda vil kunne gje deg rettleiing.

Klageinstans er Fylkesmannen for vedtak kommunen har gjort, og
Direktoratet for naturforvaltning for vedtak som villreinnemnda har gjort. Før
klagen blir sendt, skal den instansen som gjorde vedtaket, vurdere om det er
grunn til å endre det. Dersom du ikkje får fullt medhald, vil saka gå vidare til
klageinstansen.

ANDRE OPPLYSNINGAR

Sist oppdatert: 08.09.2010

Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger | Telefon: 56 34 90 00 | Telefaks: 56 34 90 01 | postmottak@radoy.kommune.no